

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Møte nr. 2-2018 i Lokalt samhandlingsutval (LSU) for Volda sjukehusområde

Dato: 26. oktober 2018

Stad: Høgskulen i Volda, rom Kaarstad 208

Møtetid: Kl. 10.00-14.45

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde:

Hareid kommune: fagkonsulent Unni Bergdal

Herøy kommune ved kommuneoverlege Torill Myklebust

Sande kommune ved leiar Sandetun Wenche Torseth

Ulstein kommune ved avdelingsleiar Gunn Sætre

Volda kommune: avdelingsleiar førebygging, rehab. og legeteneste Mona Kile

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen (til kl. 11.10)

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved avdelingssjef medisinsk avdeling Mona Ryste

HMR – Volda sjukehus ved sjukehuskoordinator Knut Nautvik

Brukarutvalet: Jakob Strand

Frå Helse Møre og Romsdal HF:

Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling HMR HF

Kari Standal, seksjonsleiar BUP poliklinikk i Volda, HMR HF

Andre:

Tor Erling Evjen, delprosjektleder for opsjonskommunane i Midt-Norge, Helseplattformen (sak 13/18)

Therese Furseth Hoel, rådgiver IKT og velferdsteknologi i Ålesund kommune (sak 13/18)

Kathrin Børtnes, sjukepleiar korttidsavdelinga, Ørsta kommune (sak 14/18 og 15/18)

Joanne Aarseth, einingsleiar psykisk helse og rus i Ørsta kommune (sak 19/18)

Forfall:

Hareid kommune ved kommunalsjef Berit Aasen

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Vanylven kommune ved kommunalsjef Arnhild Nordaune

Ulstein kommune ved fagkoordinator psyk. helse og rus Silje Kleven Eriksen

Vanylven kommune ved kommunalsjef Arnhild Nordaune

Møteleiar:

Leiar av Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde, stableiar tildeling og koordinering

Oddvar Marøy i Ørsta kommune

Referent: Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 11/2018: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Innkallinga vart godkjend. Som sak til eventuelt var synspunkt på møtestad for utvalet.

Sak 12/2018: Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 1-2018 (13. april 2018)

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Referatet frå forrige møte vart godkjend.

Sak 13/2018: Informasjon om Helseplattformen

Ved Tor Erling Evjen, delprosjektleder for opsjonskommunane i Midt-Noreg, Helseplattformen og Therese Furseth Hoel, rådgivar IKT og velferdsteknologi i Ålesund kommune

Evjen sin presentasjon følgjer vedlagt.

Utgangspunktet for prosjektet om Helseplattformen var at sjukehusa i Midt-Noreg skulle skifte journalsystem. Alle kommunane i regionen (84) har signert opsjonsavtale som kan utløysast. Helse Midt-Noreg og Trondheim kommune eig programmet. Evjen har ansvar for opsjonskommunane i Midt-Noreg.

Helseplattformen er eit stort endringsprosjekt. Målet er å få til ei felles journalløysing i Midt-Noreg som følgjer pasienten hos fastlege, på sjukehus, hos private spesialistar og i kommunal helse og omsorg, inkl. helsestasjonar.

Piloten vil starte etter påske 2021. Det er mellom anna gevinstar i høve til styrka pasientsikkerheit og betre oversikt.

Det var møte med fylkesmennene 2. september. Møre og Romsdal fikk tildelt 500 000 kr. til Helseplattformen i 2018, for 2019 får kommunane i fylket 4 millionar (av dette 2 millionar kr. til sunnmørskommunane).

Status per 1. oktober er at leverandøren Epic er valt. Ein ventar at det endeleg tilbodet frå leverandøren ligg føre i månadsskiftet. Innføringa er planlagt, det er omfattande behov for informasjon i linjeorganisasjonar og 84 kommunar.

Førebuingssfasen med å få med dei rette folkane er i gang. Therese Furseth Hoel var med i møtet vedkomande dette. Etter neste sommar vil prosjektet gå inn i ein utviklingsfase.

Møre og Romsdal skal etter planen innføre Helseplattformen i slutten av 2022/starten på 2023. Anne Lise Sagen Major i HMR HF er innføringsleiar for Møre og Romsdal.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Samarbeidsrådet for opsjonskommunar vart oppretta 31. januar 2017 og skal sikre involvering og forankring. Det er no oppretta 12 lokale arbeidsgrupper i Midt-Noreg. Desse skal koordinere arbeidet. I tillegg er det regional arbeidsgruppe med ein representant frå kvar lokal arbeidsgruppe. Frå søre Sunnmøre er Tommy Dahl (Herøy kommune) oppnemnt som kontaktperson og deltek i regional arbeidsgruppe. Lokal arbeidsgruppe for Sjustjerna er førebels ikkje kome i funksjon.

Det er på oppdrag frå samarbeidsrådet utarbeidd ein rapport «Kommunalt forløp og standardiseringsarbeid» som er ein kan få hos dei regionale kontaktpersonane.

Innan 1. mars 2019 er det mål om at flest mogleg kommunar har kartlagt arbeidsprosessar. Trondheim kommune har plukka ut sjukeheim, heimeteneste, helsestasjon og rehabilitering i institusjon (verifisering av pasientforløp). Med dette som utgangspunkt vil Trondheim kommune invitere til 2 heildagssamlingar pr. fylke. Sunnmøre skal ha ein slik dag 28. november i år i Ålesund.

Konsensusgrupper skal stå for beslutningar og standardisere. Dersom ein ikkje vert samd her, må det opp i leiargrupper og avgjerast der.

Sjå www.helseplattformen.no for mer informasjon.

Ejven vil sende den politiske saka som skal til Trondheim bystyre til alle kommunane i Midt-Noreg. I saka vil ein få informasjon om kostnadane med Helseplattformen.

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 14/2018: Samhandlingstema: Utskrivingsklare pasientar

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR HF

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Tyrholm viste tal på utskrivingsklare pasientar antal døgn (pr. vertskommune) f.o.m mai 2018. Det er ikkje registrert tal for psykiatrien. Volda sjukehus har nesten ikkje utskrivingsklare pasientar.

Jf. tal frå 2015 var det ein høg førekomst av innleggingar i den eldste aldersgruppa (80+) i Volda. Totalforbruket av innleggingar i sjukehus går generelt ned.

Det vart kommentert frå utvalet at ein har fått eit sterkare fokus på kva pasienten sjølv ønskjer i tillegg til evidensbasert medisin og erfaring. Vidare vart det kommentert at ein del av pasientane som er registrert som innlagt kan vere snudd om i døra (ligg maks 5 timar i mottak).

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 15/2018: Bruken av ØHD/KAD - tilbudet

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Tyrholm viste tal på den faktiske bruken av ØHD/KAD tilbudet i Møre og Romsdal. I Volda sjukehusområde var det registrert 559 døgn (beleggsprosent på 16) i 2017. Det potensielle belegget i Volda sjukehusområde er 3468 døgn.

I uttrekk med statistikk frå Ørsta kommune er beleggsprosenten i 2018 på nærare 40% p.d. Det er teke utgangspunkt i 1,5 sengeplass (550 årstdøgn) og sannsynleg bruk på 190 liggedøgn ved årsslutt. Sjå vedlegg (KAD-plassar 2015 – 2018). Kathrin Børtnes orienterte om bruken av tilbudet ved Korttidsavdelinga i Ørsta kommune.

Det vart kommentert at ØHD/KAD-tilbudet i kommunane på søre Sunnmøre vert nytta ulikt. Nokre kommunar nyttar plassane/sengene i det daglege, mens andre kommunar reserverer plassane/sengene. Fleksibel bruk av ØHD/KAD-plassane kan mogleggjere å ta imot utskrivingsklare pasientar.

Vidare vart det kommentert at kommunane i Sjustjerna var tidleg ute med å opprette ØHD/KAD-tilbud. Medisinsk avdeling ved Volda sjukehus har prøvd å motivere til bruk av plassane.

Kommunane har rusta seg med både utstyr og kompetanse (inkl. intravenøs behandling). Det vart kommentert at det er viktig med gjensidig hospitering, også at sjukehuslegane kjem ut i kommunane.

Det er eit potensiale i å ta ØHD/KAD-tilbudet i bruk. Flest henvisningar til ØHD/KAD-tilbudet i Voldaregionen går via legevaktslegen.

Sak 16/2018: Plan for høg aktivitet

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Nokre sesongar er det stort trykk på sjukehusa. Tyrholm kom med forslag om å lage ein plan for avklare samarbeidet på dette området ved Volda sjukehus. Sjølv om ein nesten ikkje har utskrivingsklare pasientar ved Volda sjukehus, har ein i periodar overbelegg (t.d. på grunn av influensa).

Kan ein rigge eit samarbeid der pasientane også kan flyte på tvers av kommunane i periodar med høg aktivitet? Alternativet er å lage sju likelydande avtalar mellom sjukehuset og kommunane. Dette vert drøfta vidare i Sjustjerna. Effektmål er rett pasient på rett plass til rett tid. Resultatmålet er god flyt i pasientbehandlninga innafør og på tvers av nivå gjennom året.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Tyrholm tok opp til drøfting korleis kommunar som ikkje har same press på sine tenester kan bistå når andre kommunar og sjukehus har utfordringar med omsyn til kapasitet. Det vart kommentert at den beste løysinga er å bruke kommunale plassar.

Sjukehuskoordinatoren og avd. sjefar ved Ålesund sjukehus skal leie eit arbeid med plan for høg aktivitet.

Sak 17/2018: Innføring av betalingsplikt innafor rus og psykisk helse

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar vert iverksett frå 1. januar 2019, med heimel i lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Dei konkrete reglane er tatt inn i ei eiga forskrift.

Det vert vist til presentasjonen når det gjeld vilkåra for utskrivning. I helseføretaket vert det arbeidd for å få plass rutine. Desse vert vurdert som gode fagleg sett, mellom anna når det gjeld standardar for dialog på tvers.

Sak 18/2018: Implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus

Ved seksjonsleiar BUP poliklinikk i Volda Kari Standal, Helse Møre og Romsdal

Standal sin presentasjon følgjer vedlagt.

Pakkeforløpa er på oppdrag frå Helse og omsorgsdepartementet. Forløpa er utarbeidd av Helsedirektoratet. Dei nasjonale måla er mellom anna auka brukarmedverknad, betre samhandling, likeverdig behandling, betre ivaretaking av somatiske helse og levevaner og større merksemd retta mot informasjon og samarbeid med pårørande og barn som pårørande.

Først det kjem det tre generelle pakkeforløp, seinare tre tilstandsspesifikke forløp.

Det vart kommentert frå utvalet at det følgjer ein struktur og ei bevisstgjerung med pakkeforløpa som ein har godt av.

Nasjonal implementeringsplan er på plass. Regional implementeringsplan avklarar roller i drift av forløpa. Tre sentrale tema er brukarmedverknad, forløpskoordinator og samhandling. Forløpskoordinator skal vere kontaktpunkt for pasientane. I kommunen bør ansvaret for koordinering av pakkeforløp leggast til koordinerande eining. I spesialisthelsetenesta er det verksemda sjølv som bestemmer kvar forløpskoordinatoren skal vere forankra og kven som skal ha rolla.

Tirsdag 30. oktober er det lanseringskonferanse i samarbeid med Helsedirektoratet i

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Pinsekirka på Moa.

Sak 19/2018: Samhandling innan psykiatrien

Ved Joanne Aarseth, einingsleiar psykisk helse og rus i Ørsta kommune

Aarseth viste mellom anna til at eininga har styrka seg kompetansemessig og endra på organiseringa for å kunne møte utfordringane innan psykisk helse og rus. Det er behov for felles rutiner og god kommunikasjon mellom kommune og sjukehus. Ein har ikkje kome så mykje lenger når det gjeld samtidig behandling av psykisk helse og rus, her er det mykje forbettringspotensiale.

Sak 20/2018: Orientering om felles fagdag geriatri – tema KOLS og gode pasientforløp

Ved avdelingssjef for medisinsk avdeling ved Volda sjukehus Mona Ryste

Ryste viste til at det skal vere felles fagdagar årleg, torsdag 24.-fredag 25. februar, i samarbeid med Høgskulen i Volda. Ei prosjektgruppa lagar programmet. Målet er at flest mogleg skal delta. Temaet vert KOLS. KOLS-pasientane vert ofte reinnlagt, med betre samhandling kan ein hindre dette.

Fagdagane vil støtte opp om den multisjuka eldre, og følgje «Ola 81 år med KOLS». Palliasjon er også tema på fagdagane, det er mykje i fokus i samband med kreft, men er like viktig i høve til lunge og hjarte.

Sak 21/2018: Gjennomgang av delavtale 12, struktur og mandat

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Marøy tok opp kva ein som lokalt samhandlingsutval skal vere. Kven er det sitt utval, Helse Møre og Romsdal eller kommunane rundt Volda sjukehus? Det har vist seg å vere ei utfordring for deltakarkommunane å vere aktive med å melde aktuelle saker frå si kommune til LSU.

For kommunane er det viktig at LSU kan spele ei aktiv rolle i saker som vedkjem dagsaktuelle kvardagsutfordringar i samspelet mellom kommune og sjukehus.

På det førre møtet var ein saman med Sjustjerna. Kor stor verdi har det lokale samhandlingsutvalet i forhold til dei utfordringane ein står oppe i?

Det skal no vere ein revisjon av samhandlingsavtalen. I Overordna samhandlingsutval er det gjort vedtak om at sjukehuskoordinator skal vere med i lokalt samhandlingsutval. Oppnemning av sjukehuskoordinatorane i lokale samhandlingsutval er motivert av at sjukehuskoordinatorane treng å møte leiinga i kommunane på operativt nivå. Imidlertid er oppnemninga ikkje gjort i tråd med delavtale 12.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Det vart kommentert frå utvalet at ein har gått frå administrative samhandlingsutval til 4 lokale samhandlingsutval. I Trøndelag har ein fagråd knytt til kvar delavtale. Dette er også diskusjonstema ved revisjonen av samhandlingsavtalen her i fylket.

Innspel til reforhandling av samhandlingsavtalen kan rettast til Inger Lise Kaldhol, som er oppnemnt representant frå Sunnmøre Regionråd til forhandlingsutvalet.

Seksjon for samhandling ønskjer å få høve til å bli invitert til møta i dei lokale samhandlingsutvala og til å kome med saker.

Sak 22/2018: Rullering av representasjon til LSU. Ny oppnemning med verknad frå 2019.

Val av leiar for 2019. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Jf. delavtale 12 til samhandlingsavtalen vert representantane til lokalt samhandlingsutval oppnemnt for 3 år av gongen av respektive kommunar og helseføretaket. Førre oppnemning vart gjort med verknad frå 2016.

Knut Nautvik er tidlegare valt til leiar av Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde i 2019.

Før nyttår bør kommunane og helseføretaket få meldt til sekretariatet kven som vert representantar frå 2019.

Sak 23/2018: Møteplan 2019

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Jf. delavtale 12 til samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år. Neste møte vert 1. februar 2019 på sjukehuset i Volda.

Sak 24/2018: Eventuelt

Avdelingssjef for medisinsk avdeling ved Volda sjukehus Mona Ryste tok opp om ein bør leggje møta i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde til sjukehuset eller kommunene sine lokale. Slik kan ein verte betre kjend med kvarandre og få sjå tenestene til kvarandre.

Utvalet støtta forslaget. Neste møte vert på sjukehuset i Volda.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Kopi til:

Oppnemnde vararepresentantar:

Hareid kommune: fagkonsulent Unni Bergdal

Herøy kommune: avdelingsleiar Gry-Dragsund Vike

Sande kommune: leiar heimetenester Kari Johanne Skarmyr

Ulstein kommune: avdelingsleiar leiar Gunn Sætre

Vanylven kommune: avdelingsleiar Eli Tefre Nordal

Volda kommune ved einingsleiar heimetenester Astrid Dimmen

Ørsta kommune: rådgjevar tildelingskontor Wenche Flo

Brukarutvalet: Jakob Strand

Sjustjerna helse og omsorg:

Koordinator Gro Anette Frøystad Voldsund, fagutviklingssjukepleiar i Herøy kommune

Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm

Rådgivar Lena Bjørge Waage